



Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

## Retur av klagesak som gjeld Masfjorden kommune - gbnr. 38/2 - klage på utviding av eksisterande flytebrygge

Fylkesmannen viser til oversending av klagesak frå Masfjorden kommune den 25.01.2022.

### Avgjerd

#### Statsforvaltaren i Vestland returnerer saka til Masfjorden kommune:

- *Kommunen har endra vedtaket sitt og gjort eit nytt vedtak, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Saka gjev derfor ikkje grunnlag for handsaming her.*
- *Kommunen må underrette partane om det nye vedtaket datert 20.01.2022, jf. forvaltningslova § 27, og opplyse om klagerettar og klagefrist mv. som nemnt i forvaltningslova § 27 tredje ledd.*
- *Dersom også det nye vedtaket vert påklaga, må kommunen ta stilling til klagane på vanleg måte, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Dersom ikkje klagane inneheld nye moment som gjev grunnlag for undersøking eller endring, kan kommunen sende saka vidare til rett klageinstans, utan noko grundig vurdering. Om klaga skal handsamast politisk må vurderast etter kommunen sitt eige delegeringsreglement.*

### Bakgrunn for saka

Statsforvaltaren har den 25.01.2022 motteke saka til *klagevurdering*, med klagefrist på tre veker.<sup>1</sup> Saka vart difor først registrert på Statsforvaltaren i Vestland sin planseksjon. Vi har etter samtale med klagar og sakshandsamar i kommunen forstått det slik at kommunen har meint å sende saka til endeleg klagehandsaming hjå Statsforvaltaren i Vestland. Saka er no overført til byggesaksseksjonen som handsamar klagesaker.<sup>2</sup>

Slik vi forstår saka:

- *Det er søkt om dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge på eigedommen gbnr. 38/2.*
- *Kommunen har i administrativt vedtak datert 17.09.2021, sak 106/2021, godkjent søknaden.*
- *Vedtaket er påklaga av naboar.*
- *Klaga vart handsama i formannskapet den 22.11.2021, sak 103/2021, klaga vart tatt til følge og det vart gjort nytt vedtak der søknaden om dispensasjon vart avslått.*

<sup>1</sup> Sjå vår sak 2021/10779.

<sup>2</sup> Sjå vår sak 2022/2393.



- Vedtaket vart påklaga av tiltakshavar MOWI.
- Klaga vart handsama i formannskapet den 20.01.2022, sak 003/2022, klaga vart tatt til følgje og det vart gjort nytt vedtak der søknaden om dispensasjon vart innvilga.
- Vedtaket vart oversendt til Statsforvaltaren samstundes som det vart påklaga av naboar på nytt.

Det siste vedtaket i saka er datert 20.01.2022, sak 003/2022, der det er gitt dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge. Dette vedtaket er påklaga av naboane.

Statsforvaltaren i Vestland kan ikkje sjå at den siste klaga er handsama i kommunen før saka er oversendt til Statsforvaltaren.

### **Statsforvaltaren sine merknader**

Når kommunen tek ei klage til realitetshandsaming, har dei to moglege løysingar, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Kommunen kan «*opphve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet*», jf. § 33 andre ledd. Eller kommunen kan oppretthalde vedtaket og sende saka til handsaming hjå klageinstansen, jf. § 33 fjerde ledd.

I denne saka har kommunen tatt klaga til følgje og endra vedtaket den 20.01.2022, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Dette betyr at det er gjort eit nytt vedtak, jf. forvaltningslova § 2 bokstav b, jf. bokstav a, jf. § 33 andre ledd andre setning, som gir ny klagerett, jf. forvaltningslova § 28.

Nytt vedtak gir ikkje i seg sjølv grunnlag for klagehandsaming hjå overordna klageinstans. Det er berre dersom ei klage *ikkje* blir tatt til følgje at saka skal sendast vidare til klageinstansen for endeleg klagehandsaming, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd. Dette for å sikre ei reell to-instans handsaming.

Det nye vedtaket skal grunnleggjast på vanleg måte, jf. forvaltningslova § 24, jf. § 25, alle partar skal underrettast om vedtaket, jf. forvaltningslova § 27 og alle som har rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein ny klagefrist, jf. forvaltningslova § 29. Kommunen må underrette partane om det nye vedtaket, jf. forvaltningslova § 27, og opplyse om klagerettar og klagefristar som nemnt i § 27 tredje ledd.

Vi minner om at dei som har hatt merknader i saka, men ikkje klaga, også har krav på varsel med ny frist, jf. regelen i plan- og bygningslova § 21-4 fjerde ledd. Dersom klagen vert framsett for seint, må kommunen vurdere om det er grunnlag for fristoppheving, for kvar av dei klagen det måtte gjelde, jf. forvaltningslova § 31.

Utgangspunktet er at dei som har klaga tidlegare, aktivt må vedkjenne seg klagen eller halde fast ved denne som ei klage på det nye vedtaket. Dette kan gjerast kort, og eventuelt med å vise til tidlegare klage. Som eit minimumskrav må partane bli orientert om endringa, og gis moglegheita til å oppretthalde klaga si. I denne saka har naboane, som har klaga tidlegare, allereie sendt inn ny klage på det siste vedtaket.

Dersom det nye vedtaket vert påklaga, slik som er tilfelle i denne saka, legg vi til grunn at kommunen vil ta stilling til klagen på vanleg måte, jf. forvaltningslova § 33, før fullstendig sakstilfang eventuelt vert sendt hit på nytt for klagehandsaming.

Dersom dei same klagarane, eller ein av dei, klagar på det nye vedtaket, kan kommunen sende den nye klagesaka rett til klageinstansen utan noko grundig grunnleggjeving. Dette kan gjerast med mindre



den nye klaga inneheld nye opplysningar som har verknad på saka, og som gjev grunnlag for ytterlegare undersøkingar og/eller kommentar frå kommunen.

**Statsforvaltaren i Vestland returnerer saka til Masfjorden kommune. Vi ber kommunen handsame innkomne klagar før saka vert oversendt til endeleg handsaming.**

Slik vi forstår saka er det ikkje truleg at det kjem andre klagar i saka og Masfjorden kommune må først og fremst (etter sitt eige delegasjonsreglement) ta stilling til den eine klaga som er kome inn. Deretter kan kommunen sende heile saka til klagehandsaming hjå Statsforvaltaren i Vestland. Merk oversendinga med saksnr. 2022/2393. Vi vil då gjere ei endeleg vurdering av saka.

Vår sakshandsamingstid er opp til tre månader, og denne fristen startar når vi har motteke all nødvendig dokumentasjon i saka.

Det er ikkje klagerett på denne avgjerda. Tiltakshavar, ansvarleg søkar og klagarane får kopi av dette brevet til orientering.

Med helsing

Karen Elin Bakke  
seniorrådgjevar

Ida Loftesnes Kvåle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Oversending av klagesak - byggesak - Masfjorden 38/2 utviding av eksisterande flytebrygge
- 2 12.01.2022 TILLEGGSMERKNAD til Mowi sin kommentar av 11.01.2022 (004).pdf
- 3 Vedlegg 1 - uttalelse fra Marina Solutions.pdf
- 4 Kommentarer til merknader av 03.01.22 til klagesak - gbnr 382.pdf
- 5 Vedlegg C1 - Opplysninger gitt i nabovarsel.pdf
- 6 Vedlegg B1 - Dispensasjonssøknad signert.pdf
- 7 Søknad om tillatelse til tiltak.pdf
- 8 Samsvarserklæring.pdf
- 9 Vedlegg Q1 - Nabovarselet gjelder.pdf
- 10 Vedlegg G2 - Gjennomføringsplan.pdf
- 11 Vedlegg G1 - Erklæring om ansvarsrett.pdf
- 12 Vedlegg E1 - Snitt forankring.pdf
- 13 Vedlegg D2 - Forankringsplan.pdf
- 14 Vedlegg D1 - Situasjonsplan.pdf
- 15 Vedlegg C8 - Kommentarer til merknad frå naboer vedr endring flytebrygge Kvingo.pdf
- 16 Vedlegg C7 - Dybde i riss og eksempler på brønnbåter.pdf
- 17 Vedlegg C6 - KART nr.1-6.pdf
- 18 Vedlegg C5 - 12.06.2021, FELLES MERKNAD fra grunneierne ved Åbakkevika.pdf
- 19 Vedlegg C4 - Merknad til nabovarsel.pdf
- 20 Vedlegg C3 - Merknader fra berørte naboer.pdf
- 21 Vedlegg C2 - Kvittering for nabovarsel.pdf
- 22 Søknad om tillatelse til tiltak - dispensasjon utviding av flytekai - gbnr 382.pdf
- 23 Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 382.pdf
- 24 VEDLEGG 1 (C5) - FELLES MERKNAD fra grunneierne ved Åbakkevika.pdf
- 25 VEDLEGG 1 (C6) - KART nr.1-6.pdf
- 26 VEDLEGG 3 - 23.04.2021, E-mail til Masfjorden kommune.pdf
- 27 VEDLEGG 1 (C7) - Dybde i riss og eksempler brønnbåter.pdf
- 28 VEDLEGG 2 - 23.04.2021, E-mail til Marina Solutions.pdf



- 29 Klage på delegert vedtak - søknad om dispensasjon for utviding av flytebrygge (Ref 21222 - 217407) - gbnr 382.pdf  
30 06.10.2021, FELLES KLAGE PÅ VEDTAK fra Grunneierne ved Åbakkevika.pdf  
31 Klage på delegert vedtak saknr 1062021 datert 17.09.2021.pdf  
32 Kommentarer til klage på dispensasjon - MOWI, Kvingo - gbnr 382.pdf  
33 15.10.21 kommentar til klage på disp justert js 21.10.21.pdf  
34 VEDLEGG Fylkesmannens vurderinger i tilsvarende dispensasjonssaker i Masfjorden Kommune.pdf  
35 VEDLEGG Omsøkt bryggeutvidelse 2021 - 06.07.2021, Søknad om tillatelse til tiltak - Erklæring ansvarsrett.pdf  
36 VEDLEGG Bryggeutvidelse 2018 - Dispensasjonssøknad og nabovarsel (26.02.2018).pdf  
37 VEDLEGG Bryggeutvidelse 2018 - Situasjonsskart, Tegning av brygge med fortøyninger (26.02.2018).pdf  
38 09.11.2021, Sakstillegg til Klage 06.10.2021 på delegert dispensasjonsvedtak (Hoveddokument).pdf  
39 Sakstillegg til Klage på vedtak - utlegging av flytekai - 382 Masfjorden(2).pdf  
40 VEDLEGG - Rapport fra Fylkesmannen - Tilsyn av Mowi Kvingo sitt settefiskanlegg.pdf  
41 Vedlegg - Hvilke brønnbåtstørrelser eksisterende og ny brygge er dimensjonert for(1).pdf  
42 Vedlegg - 10.11.2021, Info fra BKK om landstrøm til brønnbåter(1).pdf  
43 Sakstillegg til Klage på vedtak - utlegging av flytekai - 382 Masfjorden(1).pdf  
44 Sakstillegg til Klage på vedtak - utlegging av flytekai - 382 Masfjorden.pdf  
45 Vedlegg - Rapport fra Fylkesmannen - Tilsyn av Mowi Kvingo sitt settefiskanlegg.pdf  
46 Vedlegg - 10.11.2021, Info fra BKK om landstrøm til brønnbåter.pdf  
47 Vedlegg - Hvilke brønnbåtstørrelser eksisterende og ny brygge er dimensjonert for.pdf  
48 Kommentar til Merknad fra Mowi 03.11.2021.pdf  
49 Klagesak 106 2021 - Saksdokument som ikke har blitt medtatt i saken.pdf  
50 Melding om politisk vedtak - klage på delegert vedtak saknr 1062021 datert 17.09.2021(1).pdf  
51 Melding om politisk vedtak - klage på delegert vedtak saknr 1062021 datert 17.09.2021.pdf  
52 Vedlegg 1 - 9 til klage.pdf  
53 VS Klage på politisk vedtak, referanse 21222 - 219883.pdf  
54 Klage på politisk vedtak - referanse 21\_222 - 21\_9883.pdf  
55 Nabovarsel MOWI-klage.pdf  
56 Merknad til klage fra Mowi datert 17.12.21 - (21222 - 219883) - gbnr 382.pdf  
57 VEDLEGG 3b - Fylkesmannens vurderinger i tilsvarende dispensasjonssaker i Masfjorden Kommune.pdf  
58 VEDLEGG 3a - 26.02.2018, Dispensasjonssøknad bryggeutvidelse, tegninger og kart.pdf  
59 VEDLEGG 4 - 12.11.2021, Kommentar til Merknad fra Mowi 03.11.2021.pdf  
60 VEDLEGG 3 - 09.11.2021, Sakstillegg til Klage 06.10.2021.pdf  
61 VEDLEGG 1 - Havneforhold og dybder ved eksisterende og omsøkt brygge.pdf  
62 VEDLEGG 2 - 06.10.2021, Klage på delegert vedtak 17.09.2021.pdf  
63 Merknad til klagesak 106 2021 (ArkivID 21222).pdf  
64 [Hoveddokument] - 03.01.2022, Merknad til Mowi sin klage.pdf  
65 Klage på politisk vedtak saknr 1032021 datert 22.11.2021.pdf  
66 Klage - Masfjorden - 38/2 - utlegging av flytekai - dispensasjon  
67 02.02.2022, Klage på vedtak  
68 Klage på vedtak - Masfjorden - 38/2 - utlegging av flytekai - dispensasjon  
69 Klage - Masfjorden - 38/2 - utlegging av flytekai - dispensasjon

## Kopi til:

MARINA SOLUTIONS AS	Ivar Aasen-gata 10	6150	ØRSTA
Eva Marie Torgilstveit	Åbakken 16	5981	Masfjordnes
Jarle Rønhovd	Austfjordvegen 1146	5981	Masfjordnes
Ann Mari Ramsøy	Kirkegaten 15 A	5036	Bergen
Helga Hodne	Austfjordvegen 1621	5981	MASFJORDNES
MOWI ASA	Postboks 4102 Sandviken	5835	BERGEN
Alf Morten Wist Jerve	V/Ann Mari Ramsøy, Kirkegaten 15 A	5036	Bergen
Arne Heggertveit	Torgny Segerstedts Vei 10 A	5143	FYLLINGSDALEN
Reidunn Marie Rønhovde	Åbakken 8	5981	Masfjordnes
Kjell Bernhard Østbø	Boganesgeilen 15	4032	STAVANGER
Anne Kvinge Tvedt	Sørkvingo 1	5981	Masfjordnes
Berit Sofie Østbø	Boganesgeilen 15	4032	Stavanger
Elise Sunnevåg	Nedre Smøråsflaten 11	5238	Rådal

